



Notat

Dato: 12.04.2017
Arkivsak: 2015/687-13
Saksbehandlar: ambrein

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Ambjørg Reinsnos

**Kulturminnegfagleg innspel - Varsel om utvidet plangrense - Plan 409-
Reguleringsplan 276 - Slettebrekka-Hetlevik gnr 12 og gnr 13 m.fl.- Askøy kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Nord i planområdet, på Eide, ligg det fleire Sefrak-registrerte bygningar. Vi ber om at desse vert omtalte og at kulturminneverdien vert vurdert i den vidare planprosessen.

I nordre del av planområdet er det også kjend eit automatisk freda kulturminne, ein hellar (Askeladden-id 91777). Hellaren ligg i Hetlevik, tett på eksisterande Fv 212. Det må takast omsyn til kulturminnet i den vidare planprosessen. Det automatisk freda kulturminnet med 5 meter sikringssone må visast i plankartet med omsynssone d (bandlegging etter kulturminnelova – H730). For å sikre kulturminnet må eit areal rundt omsynssone d visast med omsynssone c (vern av kulturmiljø – H570). Hordaland fylkeskommune vil gje innspel til omfang av omsynssone c (vern av kulturmiljø – H570) i den vidare planprosessen.

På Follese er det kjend ein steinalderbuplass med Askeladden-id 109879. Denne vart arkeologisk undersøkt i 2013 i samband med planprosess for gjeldande plan. Lokaliteten er fjerna i samband med undersøkinga, og vi har såleis ikkje merknader til planendringar i dette arealet.